



Røysterett for Alle kan syna til eit aktivt arbeidsår med mange konsetar, åleine og saman med andre.

**Røysterett for Alle hadde årsmøte 29.01. Det vart sjølvsgagt korrekt avvikla, med dei faste postane som tradisjonen tilseier. Det vil verta keisamt å gå for mykje i detaljar. Sidan me har mange dyktige nemnder, vart det mange årsmeldingar, men her får det halda med ei samanfating av styret si årsmelding**

Me har sunge ofte og mykje i ulike samanhengar. 45 ulike songar har vorte framført minst ein gong, og av desse er 8 nye av året. Utøvande verksemd starta i Strandebarm i slutten av mars i lag med Strandebarm Songlag, kortreff i Rosendal april, vårkonsert/songkafe i Helgheim saman med Amigos, og synging rundt om på 17. mai.

Hausten vart travlare, med ambisjonar om eigne julekonsertar. Som nemnt, mykje nytt stoff, og eit helgeseminar i september la eit godt grunnlag. Konsertrett og repeterande opplegg er viktig for god læring. Me song, som vanleg, på ungdomslaget sin haustfest i september.

Det som krov mest, var sjølvsgagt julekonsertane (Husnes, Uskedalen og Ølve). Semesteret vart avslutta med deltaking i Soknerådet sin tradisjonelle julekonsert. Røysterett for Alle er innstilte på at julekonsertane er noko me vil halda på, så lenge det kjem folk og det ikkje tek fleire krefter enn det er verd – for dette er ei utfordring me trur me veks på.



Styreleiar i Røyserett for Alle er Lars Henrik Skogtun.

Formann: Lars Henrik Skogtun 2020  
Styrelem: Brit Hjetland 2020  
Styrelem: Gjertrud S. Furdal 2020  
Styrelem: Sidsel D. Stigum 2020 og 2021  
Styrelem: Venke Vetrhus 2020 og 2021  
Varalem: Oddveig Blomdal 2020  
Varalem: Nina E. Kristoffersen 2020

Kva funksjon dei einskilde styrelemene får, vert avgjort på fyrste styremøte.

Tekst: Svein Rimestad  
Foto: Tor Edvard Taranger/ Ola Matti Mathisen  
Nett: Kristian Bringedal